



Til
Kulturdepartementet

NOREGS MÅLLAG

POST: Pb. 474 Sentrum, 0105 OSLO
KONTOR: Schweigaardsgt. 16
ORG.NR NO: 970 205 942 MVA
TLF: 23 00 29 30 | FAKS: 23 00 29 31
nm@nm.no | www.nm.no

Dykkar referanse:
13/53-

Vår referanse:
024/13-740 HBØ/GME

Dato:
15. mars 2013

HØYRING – FORSLAG TIL LOV OM OMSETNING AV BØKER

Noregs Mållag har drøfta det utsende framlegget til boklov. Departementet har bede om svar knytt til dei konkrete høyringsspørsmåla, og kommentarane våre følgjer under.

Høyringsspørsmål 1

Noregs Mållag meiner føremålet med lova må få fram at det er ein målsetnad med ei breidd i litteraturen på *både målformer*.

Me vil peika på punkt 9 under «Oppsummering av prioriterte tiltak» for kultur- og mediesektoren i Mål og mening: «*Departementet vil leggja vekt på å fremja produksjon og formidling av eit mangfald av språklege uttrykksformer og skjønn- og faglitterære sjangrar som eit bidrag til å sikra at norsk språk generelt og nynorsk spesielt utviklar seg som eit allsidig kultur- og bruksspråk*» (St.meld. nr. 35 (2007-2008), avsnitt 7.6.10)

Me vil også peika på at føremålet i dagens bokavtale inkluderer å «Fremme salg av bøker i begge målformer...». Me meiner denne presiseringa må inn også i føremålet for ei boklov. Vårt framlegg til revidert føremål lyder slik:

«Formålet med denne lov er å legge til rette for bredde, mangfold og kvalitet i norsk litteratur, samt god tilgjengelighet over hele landet. Særlig viktig er det å ivareta forfatteren og leseren. Loven skal bidra til å fremme kultur og kunnskapsformidling og styrke nynorsk og bokmål som språk og som skriftkulturer.»

Høyringsspørsmål 2

Noregs Mållag meiner ikkje noko i spørsmålet om e-bøker i boklova.

Høyringsspørsmål 3

I diskusjonen rund fagbøker og språkpolitikk hadde det vore naturleg å nemna dei særskilde utfordringane nynorsk står ovanfor. I staden er det brukt formuleringar som «En grunnleggende forutsetning for at norsk skal være et komplett, samfunnsbærende språk». Norsk kan definerast som to språk. Sjølv om ein definerer nynorsk og bokmål som to former av same språket vil termutvikling ikkje vera til støtte for nynorsken dersom denne berre går føre seg på bokmål.

Mål og meining avsnitt 7.2.6.1: «I ein politikk for styrking av norsk terminologi og fagspråk må full jamstilling mellom nynorsk og bokmål vera eit sjølv sagt prinsipp.»

Med det nemnde atterhaldet vil me stø opp under tanken om at gode vilkår for norskspråkleg faglitteratur er eit sær s viktig språkpolitisk verkemiddel. Noregs Mållag meiner faglitteraturen bør omfattast av ei eventuell boklov og ha lenger fastprisperiode enn skjønnlitteraturen.

Høyrings spørsmål 4

Noregs Mållag meiner ikkje noko om standardkontraktar for forfattar.

Høyrings spørsmål 5

Innføring av fripris vil opna for utstrekt rabattering av bestseljarar, og slike bøker vil venteleg få større delar av marknaden enn under fastpris. Det er grunn til å tru at nynorsklitteraturen vil vera skadelidande ved ei slik endring.

I dag kjem dei fleste bestseljarar ut på forlag som er medlemmer i forleggerforeningen. Me ser difor ingen grunn til at det skulle vera eit stort problem for nynorsklitteraturen om fastprisordninga var eit frivillig forhandlingsresultat mellom bransjeorganisasjonane. Me ser ingen, for oss relevante, ulemper med ei obligatorisk ordning.

Noregs Mållag stø opp om fastprisen. Me har ikkje sterke meiningar rundt om denne skal vera valfri eller obligatorisk.

Høyrings spørsmål 6

Noregs Mållag meiner ikkje noko om versjonsprising.

Høyrings spørsmål 7

Noregs Mållag meiner ikkje noko om utforminga av fastprisperioden.

Høyrings spørsmål 8

Noregs Mållag meiner det ikkje bør vera opning for å rabattera meir enn i dag, ettersom dette utholar tanken bak fastprisordninga.

Høyrings spørsmål 9

Noregs Mållag stø opp om skaffe- og leveringsplikt.

Høyrings spørsmål 10

Litteraturabonnementa er for nynorsklitteraturen kanskje det viktigaste i dagens bokavtale. Ordninga sikrar at smal litteratur vert tilgjengeleg i bokhandlane. Ei frivillig ordning mellom einskilde forlag og einskilde bokhandlarar vil undergrava dette, og vera til skade for forlag som i hovudsak fører mindre selde titlar. Noregs Mållag meiner det er sær s viktig at ei eventuell boklov opnar for slike kollektive litteraturabonnement, og stør *alternativ 1*.

Høyrings spørsmål 11

Noregs Mållag trur det kan vera ein fordel å innføra eit ikkje-diskrimineringsprinsipp. Ettersom avtalane mellom forlag og bokhandlar er hemmelege er det lite, eller ingenting, me veit om kva diskriminering som går føre seg i dag. Me veit ikkje om den vertikale integrasjonen i praksis har ført til prisdiskriminering, men det er nok i alle tilfelle trygt å gå ut frå at store aktørar gjer betre avtalar enn dei små. Dersom (dei uobserverte)

diskrimineringsproblema er store, er eit slikt regulerande prinsipp ein stor fordel. Dersom det er lite diskriminering, er prinsippet inga ulempe.

Høyringsspørsmål 12

Noregs Mållag oppfattar dette spørsmålet som overflødig når me stør ikkje-diskriminering i spørsmål 11.

Høyringsspørsmål 13

Noregs Mållag tilrår å tillata samarbeid om frakt- og leveringsvilkår.

Høyringsspørsmål 14

Noregs mållag meiner det er viktig, slik høyringsnotatet legg opp til, at bransjen gjer tilgjengeleg statistikk som gjer det mogleg å fylgja med på om ein oppnår dei språk- og kulturpolitiske målsetnadene. Det er eit rimeleg krav å stilla i byte mot slike privilegium. Me minnar om dei kulturpolitiske målsetnadene om produksjon og distribusjon av litteratur på både nynorsk og bokmål, og ynskjer at det skal vera mogleg å få tilgang til kor stor del av titlane og eksemplara i omsetning som er på nynorsk.

Akkurat korleis brot på lovas føremål og bokstav institusjonelt vert fylgd opp, har ikkje Noregs Mållag noka sterk formeining om. Ei rådgjevande nemnd for tvisteløysing kan nok vera tenleg, men me trur det vil vera ein føremun om Forleggerforeningen og Bokhandlerforeningen *ikkje* peikar ut eigne representantar. Då verkar noko av føremålet å vera vekke.

Høyringsspørsmål 15

Noregs Mållag meiner det er viktig å unngå for stor maktkonsentrasjon i bokmarknaden. Dersom ei eventuell boklov inneheld eit ikkje-diskrimineringsprinsipp, kan me stø opp om at ein ikkje, på dette tidspunktet, innfører eigarskapsavgrensing. I motsett tilfelle meiner me dette kan vera naudsynt.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Håvard B. Øvregård
leiar

Gro Morken Endresen
dagleg leiar